



Informasjon til deg som søker om produksjonstilskot i jordbruket med søknadsfrist 20. august 2014

Gjer deg kjent med regelverket

Søker du om produksjonstilskot, må du kjenne dei juridiske føresegnene i dei relevante forskriftene og i jordbruksavtalen. Du finn dei aktuelle dokumenta på Statens landbruksforvaltning (SLF) si nettside www.slf.dep.no, under menyen Produksjon og marked/ Produksjonstilskudd/ Aktuell søknadsomgang.

Nytt frå jordbruksoppgjeret

Jordbruksavtalen 2014 – 2015 finn du på Landbruks- og matdepartementets nettside www.lmd.dep.no. I rettleiingsheftet om produksjonstilskot finn du ei oppsummering av endringane som følgde av jordbruksavtala for produksjonstilskotsordningane og for tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Rettleiingsheftet finn du på www.slf.dep.no under menyen Produksjon og marked.

Elektronisk utsending av tilskotsbrev

Når den sentrale utbetalinga av produksjonstilskot skjer i februar 2015, vil hovudregelen vere at tilskotsbrevet blir sendt ut elektronisk, og ikkje på papir. Alle føretak som står registrert med e-post og/ eller mobilnummer i Altinn sitt kontaktregister for næringsdrivande, vil berre få tilskotsbrevet på nett. Dei føretaka som ikkje står registrert med mobilnummer/ e-postadresse vil foreløpig få tilsendt tilskotsbrevet på papir. Tilskotsbrevet vil vere tilgjengeleg i elektronisk versjon for alle, også dei som får det på papir. Dei som berre får tilskotsbrevet i elektronisk form, får varsel på mobil/ e-post når tilskotsbrevet blir tilgjengeleg.

Du kan bruke BankID til innlogging

Du må bruke anten BankID, MinID eller Buypass for å logge deg inn i søknaden din via Altinn på www.slf.dep.no. Du kan ikkje lenger bruke eingongskode frå Altinn-brev. Du kan lese meir om dei ulike innloggingsmetodane her: www.difi.no/elektronisk-id

Regionalt miljøtilskot – elektronisk søknad førehandsutfyllt med kartteikningane frå i fjor

Søkte du om RMP-tilskot i fjor, elektronisk eller på papir, vil det du teikna i kartet komme opp i det elektroniske søknadsskjemaet for 2014. Du kan då velje å bruke dei same kartteikningane som i fjor, endre på dei, eller teikne på nytt. Lenke til søknadsskjemaet finn du på www.slf.dep.no.

Følg med på Fylkesmannen si nettside, der kjem det informasjon om tiltaka du kan søkje på i 2014. Hjelp til korleis du fyller ut søknadsskjema og teikner i kart finn du på SLF si nettside, eller du kan kontakte kommunen din.

Lever søknad om kjøp og leige av mjølkekvote elektronisk

Du logger deg inn i søknadane om kjøpt og leige av mjølkekvote via Altinn på www.slf.dep.no på same måte som når du leverer søknad om produksjonstilskot. Det er fleire fordelar med å søke elektronisk, blant anna kan du kontrollere mange av søknadsopplysningane før levering og du mottok kvittering på at søknaden er mottatt. Når du søker elektronisk om kjøp og leige av mjølkekvote, kan du dessutan endre eller slette søknaden fram til søknadsfristen går ut.

Send gjerne søknad om kvotekjøp og kvoteleige samtidig med at du søker om produksjonstilskot. Søknadsfristane er 1. oktober for kvotekjøp og 1. august for kvoteleige.

Informasjon om kjøp og leige av mjølkekvote finn du på www.slf.dep.no under menyen Produksjon og marked/Mjølkekvoter.

Har du spørsmål?

Les i rettleiingsheftet om produksjonstilskot som du finn på www.slf.dep.no under menyen Produksjon og marked, eller kontakt kommunen din.

Informasjon om aktuell søknadsomgangen finn du på SLF si nettside www.slf.dep.no. Her finn du blant anna: Rettleiingshefte for søknad om produksjonstilskot i jordbruket, aktuelle forskrifter og rundskriv, rettleiingsfilmar, samt brukarhjelp til elektronisk søknad.